Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 55/14

Sak nr.: 2014/731

På sirkulasjon

UTLYSNING - VIKARIATER SOM FØRSTEAMANUENSIS (2 X 20 % OG 1 X 30 %) I MEDISIN (PATOLOGI) VED KLINISK INSTITUTT 1

I brev av 02.06.2014 ber Klinisk institutt 1 om at det blir lyst ut to vikariat som førsteamanuensis (20 %) og et vikariat som førsteamanuensis (30 %) i medisin (patologi) ved Gades laboratorium for patologi ved instituttet. Vikariatene er ledig fram til 30.06.2017. De tre stillingene er kombinert med relevant hovedstilling i Bergen, fortrinnsvis som lege ved Avdeling for patologi ved Haukeland universitetssykehus.

Stillingene tas opp som sirkulasjon blant fakultetsstyrets medlemmer på grunn av den økonomiske situasjonen ved Klinisk institutt 1.

Bakgrunnen for utlysningen er at professor i patologi Anne Christine Johannssen er valgt til viserektor for internasjonalisering ved Universitetet i Bergen. Hennes periode utløper sommeren 2017. Den ene stillingen som førsteamanuensis (20 %) er vikariat for henne.

I tillegg er professor Lars Akslen frikjøpt i forbindelse med SFF-senteret CCBIO. Senteret er opprettet fram til 2018 med mulighet for fem års forlengelse. Finansieringen av frikjøpet kommer fra Norges forskningsråd (NFR). Stillingene som førsteamanuensis (20 %) og førsteamanuensis (30 %) er vikariater for ham.

Instituttet skriver at det er budsjettmessig dekning for vikariatet for Johannessen og det forutsettes at Norges forskningsråd (NFR) fullfinansierer vikariatene etter Akslen med lønn, driftsmidler og dekningsbidrag.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Styret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet slutter seg til forslaget om utlysning og stillingsomtale for de to vikariatene som førsteamanuensis (20 %) i medisin (patologi) og det ene vikariatet som førsteamanuensis (30 %) i medisin (patologi).

2. Det forutsettes at Klinisk institutt 1 har budsjettmessig dekning for vikariatet for Johannessen innenfor egen budsjettramme. Det forutsettes også at

vikariatene for Akslen er fullfinansiert av bidragsyter inkludert dekningsbidrag i samsvar med fakultetets vedtak.

3. Dekan får fullmakt til å foreta endringer i samsvar med gjeldende standard for utlysning/stillingsomtale.

Astrid Bårdgard
fakultetsdirektør

Marianne Bø Larsen
seksjonsleder rekruttering

23.06.2014 /IVØI

Vedlegg: Brev fra Klinisk institutt 1 av 02.06.2014
Utlysningstekst og stillingsomtale

UNIVERSITETET I BERGEN
Klinisk institutt 1

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse	Dato
2014/731-IRWA	02.06.2014

Unntatt offentlighet iht. offl. § 25, 1. ledd

Ber om utlysning av tre vikariat som førsteamanuensis

Klinisk institutt 1 ber om at det lyses ut to vikariat i 20 % stilling og et vikariat i 30 % stilling som førsteamanuensis i medisin (patologi) ved Gades laboratorium for patologi. Vikariatene er ledig fram til 30.06.2017.

Det er et krav at søkere har hovedstilling (minst 50 %) i relevant fagmiljø i Bergen, og det er derfor kun aktuelt å lyse ut vikariatene på norsk.

Stillingene er ledig etter professor Anne Chr. Johannessen som er valgt til viserektor for internasjonalisering. Hennes periode utløper sommeren 2017. Om perioden blir lengre, er avhengig av om hun stiller til nytt valg våren 2017.

I tillegg er det ledig vikariat etter professor Lars Akslen som er frikjøpt i forbindelse med SFF-senteret CCBIO. Senteret er opprettet frem til 2018, men med mulighet for 5 års forlengelse. Finansieringen av frikjøpet kommer fra Norges Forskningsråd (NFR).

Instituttet ønsker å stille disse tre vikariatene likt med hensyn til varighet, og deretter gjøre en ny vurdering av hvordan midlene skal disponeres når situasjonen er mer avklart, altså våren 2017.

Instituttet ber om utlysning av disse tre vikariatene som førsteamanuensis så snart som mulig.

Vennlig hilsen

Nils Erik Gilhus
instituttleder

Jorunn Skei
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Klinisk institutt 1	Postadresse	Besøksadresse	Saksbehandler
Telefon	Postboks 7804	Armauer Hansens Hus	Iris Karina Walle
Telefaks	5020 BERGEN	Bergen	+47 55 58 64 69

Vedlegg

Førsteamanuensis (2x 20 % og 1 x 30 %, vikariat) i medisin (patologi) ved Klinisk institutt 1

Ved Klinisk institutt 1, Gades laboratorium for patologi, er det ledig to 20 % og eit 30 % vikariat som førsteamanuensis i medisin (patologi) fram til 30. juni 2017. Søkjar må opplyse kva stillingsprosent ein søkjer.

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga, finn du lenger ned på sida.

Utfyllande opplysningar om stillingane får ein ved å kontakte instituttleiar, professor Nils Erik Gilhus, tlf. 55 97 50 74, e-post: nils.gilhus@k1.uib.no eller seksjonsleiar, professor Anders Molven, tlf. 55 97 31 69, e-post: anders.molven@gades.uib.no.

Kvalifikasjonar
Det er eit krav at søkjaren har norsk doktorgrad innan relevant fagfelt eller tilsvarande kompetanse. Vidare er det eit krav at søkjarane har hovudstilling (minst 50 %) i relevant fagmiljø i Bergen, fortrinnsvis som lege ved Avdeling for patologi ved Haukeland Universitetssjukehus.

Det er ønskjeleg:

- med omfattande kompetanse i patologifaget
- med dokumentert kompetanse for undervisning i patologi
- at søkjaren kan dokumentere evne til å etablere eiga forsking

I tillegg til den vitskaplege produksjonen vil det bli lagt vekt på:

- internasjonal erfaring innan fagfeltet
- evne til samarbeid og til forskingsmessig miljøskaping, nettverksbygging nasjonalt og internasjonalt, samt evne til å leie andre forskarar
- gode munnlege og skriftlege ferdigheiter i engelsk og norsk
- erfaring frå undervisning og pedagogiske kvalifikasjonar.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som vert tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.

Den tilsette har plikt til å ta del i undervising og eksamen innan patologi etter dei studieordningane som til kvar tid gjeld. Den som vert tilsett, må også elles rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga, til dømes endringar som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning, aldersgrense eller anna.

Løn
Førsteamanuensis vert lønt etter lønssteg 59-63 (kode 1011/lønsramme 24.3-24.6) i lønsregulativet til Staten, for tida kr 490 600 - 528 700 pr. år brutto for heil stilling, avhengig av embetseksamen/spesialitet. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Retningsliner
Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for vitskaplege stillingar verte følgd.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogeleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetjing og å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.

Universitetet i Bergen nyttar utvida offentleg dokumentinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om deg som søkjar kan bli gjort offentlege sjølv om du har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, blir du varsla om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad
Slik søkjer du stillinga:
Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenka «Søk stillingen» på denne sida.

Legg ved elektronisk:

- CV
- vitnemål
- attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
- **vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maksimalt 10)**

Det er særs viktig at kvart av dei vitskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksame på at søknader vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørgje for at alle relevante vedlegg er sendt inn innan fristen. Søknader på e-post vert ikkje vurderte.

En viser elles til "Midlertidige regler om framgangsmåten ved tilsetting i vitskapelege mellomstillingar".

Søknadsfrist:

Stillingsomtale

Førsteamanuensis (2x 20 % og 1 x 30 %, vikariat) i medisin (patologi) ved Klinisk institutt 1

Ved Klinisk institutt 1, Gades laboratorium for patologi er det ledig to 20 % og eit 30 % vikariat som førsteamanuensis i medisin (patologi) til 30. juni 2017. Søkjar må opplyse kva stillingsprosent ein søkjer.

Klinisk institutt 1 har om lag 220 tilsette, fordelt på ni fagseksjonar og forskingssenteret Center for Cancer Biomarkers. Gades laboratorium for patologi er ein av fagseksjonane ved instituttet, og vel 30 personar er knytte til seksjonen i fast eller mellombels stilling. To av våre faste tilsette har langvarige engasjement utanfor seksjonen, og vi søkjer no vikarar for desse stillingane fram til 30. juni 2017.

Den som vert tilsett, må ha sitt forskingsområde innan tumorpatologi eller andre delar av patologifaget. Vedkommande må kunne gje undervisning i generell og spesiell patologi for medisinstudentar og i generell patologi for andre studentgrupper (odontologi, tannpleie, biomedisin), og det vil såleis være ein føremon om ein er spesialist i patologi. Den som vert tilsett, skal også rettleie mastergradstudentar og doktorgradskandidatar og vil bli pålagt å delta i arbeid på instituttet elles. Det blir lagt vekt på om ein kan dokumentera evne til å etablera eiga forsking og på dokumentert evne til samarbeid både i eige miljø og med forskarar i andre forskingsmiljø.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det blir kravd at den som blir tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Den som vert tilsett må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjing, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjing. Fristen er to år for den som ved tilsetjinga ikkje meistrar eit skandinavisk språk.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett også verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervising
- oversyn over undervisingsomfang og -nivå
- oversyn over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisingskompendium og undervisingsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervising, så som alternative undervisingsformer, rettleiing eller læringsmiljø.

Tilsetjing går føre seg grunnlag av innstilling av ei vitskapeleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande organ inkludert intervju og eventuell prøving av undervisningskompetanse.